



Skogbruksvegar og naturmangfald



Magnus Johan Steinsvåg
Alle foto © M.J.S.

Statsforvaltaren i Vestland



60 % av alle artar i Norge har skog som levestad


Nær 50% av trua artar lever i skog





Arealbruk viktig påverknad på biomangfald

90 % av raudlisteartane truga av arealendringar




Arealendringar som trugar artsmangfaldet

Antall arter



Lokale vedtak har stor påverknad på naturmangfaldet!



Skogbrukslov

PBL

Påverkningsfaktorar på trua artar Artsdatabanken 2015



Miljøomsyn i skogbruket

Skoglova (§ 1)

«Denne lova har til formål å fremme ei berekraftig forvaltning av skogressursane i landet med sikte på aktiv lokal og nasjonal verdiskaping, og å **sikre det biologiske mangfaldet**, omsyn til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen».

Landbruksvegforskrifta (§ 1)

Formålet med denne forskriften er å sikre at planlegging og bygging av landbruksveier skjer på en måte som skal gi landbruksfaglige helhetsløsninger. Det **skal samtidig legges vekt på hensynet til miljøverdier som naturmangfold, landskap**, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og løsmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av veiframføringen.

Forskrift om berekraftig skogbruk (§ 3)

Ved gjennomføring av skogbrukstiltak skal skogeigaren sjå til at det blir **teke nødvendige omsyn til biologisk mangfold**, friluftsliv, landskap og kulturverdiar i samsvar med føresegnene i skogbrukslova. Skogeigar skal sjå til at også dei som gjer arbeid i skogen tek slike omsyn.





Naturmangfaldlova § 1

Lovens formål er at **naturen** med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser **tas vare på** ved **bærekraftig bruk og vern**, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, **nå og i fremtiden**, også som grunnlag for samisk kultur.







Kommunen har ansvaret

- Skogeigar eige forvaltaransvar etter skogbrukslova § 4
- Skogeigar si aktsemplikt etter naturmangfaldlova § 6 ivareteke ved søknad til kommunen
- Kommunen **eige ansvar for at deira vettak er innafor ramma av miljøområdet** i landbruksvegforskrifta, skogbrukslova og naturmangfaldlova
- MiS og PEFC skogstandard er næringa sitt miljøsystem opp mot tømmerkjøparar

Kunnskapsgrunnlaget: Naturtyper, artsførekomstar, MiS



Primærkjelder:

- Naturbase.no
- Artskart hjå artsdatabanken.no

Andre kartportalar:

- Fylkesatl.no, Kilden NIBIO (gårdskart) ++


Mykje gran og mykje viktig natur




Bestand dominert av gran, SAT-SKOG



Naturtypar (dn-handbok 13)




Gran i naturtypar i Vestland



Gis-overlayanalyse: SAT-SKOG data og naturtypar etter dn handbok 13



Tal naturtypelokalitetar med overlappande trebestand med grandominans i Vestland




Vestnorsk regnskog: rik og fattig boreonemoral regnskog



Viktigaste føresetnad: Stabil høg luftfuktigkeit

- Milde vintrar og kjølige somrar
- Mykje nedbør
- Topografi som gjev høg luftfuktigkeit (lite sol og vindpåverknad)
- Svært små og sårbare lokalitetar
- Mange trua artar
- Internasjonalt forvaltaransvar





Rik sump

Svært sårbar for inngrep i nærområde

Endring av vasstilførsle





Konsekvensar av tiltak...

Naturmangfaldlova § 8



Korleis bruke skogsmaskinar og få ut
tømmeret utan tilslamming av elva?



Alternative utfall for landbruksvegsøknad

Vedtaket:

Legge vekt på konsekvensar vegen vil ha for miljøverdiar (jf landbruksvegforskrifta 3-2 punkt b)

Etter landbruksvegforskrifta § 3-2 andre ledd kan kommunen:

1. Godkjenne vegutforminga
2. Godkjenne med vilkår
3. Nekte heile eller delar av veganleggat

Ein avgjerande premiss for å godkjenne søknad er at «*de landbruksressurser veien har betydning for skal kunne brukes på en rasjonell og regningssvarende måte*» Landbruksvegforskrifta § 3-2 andre ledd.

Biletet: Kantsone til vassdrag teke omsyn til?

Viktige naturførekomstar i dekningsområdet: Landbruksvegforskrift og Skogbrukslova § 8



- Viktig natur i dekningsområdet må vurderast særskilt ved landbruksvegsøknad
- Det er ikke all skog som kan hoggast og takast med i reknestykket

Skogbrukslova § 8 andre ledd:

§ 8. Hogst og måling

Ved hogst skal det takast omsyn til skogen sin framtidige produksjon og forynging samstundes som det blir teke omsyn til miljøverdiane. Det skal sørjast for at bruk av stigar, løyper og andre ferdelsårer ikkje blir unødig vanskeleggjort for allmenta etter at hogsten er avslutta. Kommunen kan påleggje skogeigar å rette opp køyreskadar eller andre skadar etter tiltak i skogen.

Om ein hogst blir planlagt eller skjer i strid med denne lova, reduserer eigedommen sitt produksjonsgrunnlag vesentleg, eller kan få ueheldige verknader for miljøverdiane, kan kommunen nekte hogsten eller setje vilkår for korleis den skal gjennomførast.

Når ikkje anna er fastsett av departementet skal kjøpar og seljar sørge for at alt skogsvirke som blir hogd til foredling, sal eller eksport blir målt. Departementet kan gi nærmere forskrifter om registrering og oppgåveplikt i samband med slik måling.



Kva er viktig natur?

- Særleg viktig natur er presentert i rundskrivet Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet
- Naturtypar A og B verdi
Trua og nær trua artar
- Sjå til plan og bygningslova!
- Viser terskelen for motsegn
- Kan også nyttast som rettesnor for miljøomsyn i skogbruk



Rundskriv

Miljødirektoratet
Riksantikvaren
Fylkesmennene
Fylkeskommunene
Sametinget

Nr.
T-2/16 - rev.februar 2021

Vår ref.
14/1999

Dato
17. februar 2021

Nasjonale og vesentlige regionale interesser på miljøområdet – klargjøring av miljøforvaltningens innsigelsespraksis

1. Innledning

For å bidra til en mer enhetlig arealplanlegging, klargjøres regional betydning eller sentralitet til miljøområdet. Rundskriften vil samtidig bidra til økt forståelse for hvordan naturverdier ivaretas i den kommunale utviklingen og hvordan de overordnede retningslinjene følger med i bygningsloven.

Departementet vil understreke at tidlig i planprosessene må det være etterspørt informasjon om at planmyndigheten best mener at etterligningen er relevant. Informasjon som er relevante må også etterspørs så tidlig som mulig.

- Ferjfri kyststamveg trugar internasjonal verdifull regnskog


Fylkesmannen i Hordaland slaktar planen om ferjfri E39 med motorveg og bruer sør for Bergen. – Det største naturingrepet i Hordaland i moderne tid



KRITISK. Fylkesmann Lars Sponheim meiner fire felts motorveg over Tynnes er for dirlig planlagd og trugar vestnorsk regnskog som er unik i verdsammenheng.


Miljørettssprinsippa (§§ 8-12) i naturmangfaldlova

- Kunnskapsgrunnlag (§8)
 - Kva naturmangfold har vi i vegtraseen og dekningsområde som vegen legg til grunn? Influensomårde?
- Føre-var-prinsippet (§9)
 - veit ein nok til å fatte positivt vedtak? Er ein usikker på konsekvensane av tiltaket? Er det risiko for alvorleg skade på naturmangfaldet?
- Økosystemtilnærming og samla belastning (§10)
 - Kor stor belastning har «området» frå før? kva vert sumeffekten av tiltaket? Og eventuelt nye planlagde tiltak i området?
- Kostnadane ved miljøøydelegging skal dekkast av tiltakshavar (§11)
 - t.d. krav om førebyggande tiltak, tilpassingar i prosjektet ..
- Miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar (§ 12)
 - kan effektane av tiltaket reduserast ved anna teknikk, lokalisering eller tidspunkt for gjennomføring?



Case 1: Ingen miljøverdiar i vegtrase og dekningsområde

- Skogsbilveg klasse 3
- Dekningsområdet utgjer eideom med skog
- Om lag 90% planta gran, 10 % bjørkeskog i attgroing



Case 1: Ingen miljøverdiar i vegtrase og dekningsområde

Vurdering (Forenkla vurdering etter naturmangfaldlova)


Kommunen er kjent med at det sist vart gjort supplerande naturtypekartleggingar i 2020. Kunnskapsgrunnlag i naturbase, Artskart og MiS vart undersøkt 7. november 2021, utan at det er registrert noko der. Over **90%** av dekningsområdet **utgjer kulturskog**, derav **gran** i hogstklasse 4 og 5. Resterande areal består av **yngre bjørk** i attgroingsfase.

Ut frå flyfoto og generell kunnskap om området, vurderer kommunen det som lite sannsynleg at det er viktig naturførekomstar som ikkje endå er kartlagde i området. **Kommunen vurderer det til at kunnskapsgrunnlaget omkring naturførekomstar som godt og konsekvensane av tiltaket på naturmangfaldet som små** jf naturmangfaldlova § 8 om kunnskapsgrunnlaget. Verken veglinje eller dekningsområde til vegen har viktige naturførekomstar.

Med bakgrunn av dette ser vi ikkje behov for å vurdere vidare naturmangfaldlova §§ 9-12 i saka.

Case 2: Nasjonale Miljøverdiar i trase og dekningsområdet

- Skogsbilveg klasse 3, 1 700 meter
- Dekningsområdet utgjer eideom med skog
- Naturtype «regnskog» -A-lokalitet
- Søknad om vegtrase gjennom naturtypen og naturtypen inkludert i dekningsområdet
- Kommune i dialog med søker




Case 2 (vidare): Nasjonale Miljøverdiar i dekningsområdet

- Justert søknad. Vegtrase juster i samråd med kommunen (jf naturmangfaldlova § 12)



- Naturvernvernslu
A-lokasjon
*Endeleg vegtrase godkjent etter landbruksveiforskrifta § 3-2
*Hogstforbod for å ta vare på regnskog heimla i skogbrukslova § 8 andre ledd.
- Kommunen
landbruksverket
landbruksministeriet
*Eitt og same vedtaksbrev.
- I same dokument vedteke
hogstforbod (raud stipla linje)
innafor regnskog med minimum 20
meter buffersoner etter
skogbrukslova § 8 andre ledd
- Vegen likevel regningssvarande
sjølv om regnskogen utelate



Case 2: Nasjonale miljøverdiar i dekningsområdet

Scenario justert veglinje og hogstforbod- Vurdering

Naturtypen regnskog er vurdert til å vere av nasjonal verdi (A-verdi) og er ein trua naturtype. Av trua artar er mellom anna stjernerurlav (sterkt trua), kranshinnelav (sårbar) registrert i naturtypen. Det går fram av faktaarket til lokaliteten i naturbase, at regnskoglokalitetane er særleg sårbare for tiltak som kan endra den stabile luftfukta som artsmangfaldet er avhengig av. Derfor vil hogst inne i naturtypen, eller i nærleiken til denne, kunne endre desse miljøtilhøva. Konsekvensane for naturtypen vil i såfall vere store jf naturmangfaldlova § 8.

Søkjar har etter å ha vore dialog med kommune **justert vegtrase for å unngå inngrep i regnskoglokaliteten.**

Sakshandsamar hjå kommunen har vore på synfaring på staden og vurderer det slik at det må **også inkluderast ein buffer på minimum 20 meter** til naturtypen for å sikra at hogst og anna skogsaktivitet ikkje kan påverke miljøtilhøva med luftfukt i naturtypen jf naturmangfaldlova om føre—var-prinsippet (§ 9) og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12).

Justert vegline vert godkjent etter landbruksvegforskrifta § 3-2. For å ivareta naturtypelokaliteten og dei trua artane som har tilhald der, vedtek kommunen med heimel i skoglova § 8 andre ledd, at det ikkje kan hoggast eller gjerast andre skogbrukstiltak innafor naturtypen og med minimum buffer på 20 meter til denne.

Case 3: Nasjonale miljøverdiar og frivillig skogvern




Frivillig skogvern som alternativ





Veit vi kva som skjer i skogane i Vestland?

- Ikkje meldeplikt etter skogbrukslova § 11
- Tilfeldige høyringssaker til Statsforvaltaren
- Kommunen ansvaret for tilskot til landbruksvegar og miljøtiltak (NMSK)





Send høyringane til Statsforvaltaren

- Alle skogsbilvegar skal til Statsforvaltaren på høyring jf § 3-1 fjerde ledd
- Kommunen skal innhenta uttalar som er nødvendige jf § 1-1 også på miljøområdet jf § 3-1
- Dersom det er viktige naturførekomstar i veglinja eller dekningsområde: send saka på høyring til Statsforvaltaren!
- Vi ønskjer i større grad å bistå med rettleiing for kommunane



Til slutt

- Landbruksvegforskrifta og Skogbrukslova svært viktig for næringa og naturmangfaldet. Forskrift og lov heng saman!
- Vurder dekningsområde saman med trase for veg i landbruksvegsøknaden. Sjå samanheng til skogbrukslova § 8
- Bruk kunnskapsgrunnlaget og verktøya som allereie er innafor lovverket
- Send saker på høyring og be om rettleiing



Takk for meg!